

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 28.02.2008
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Fastsetting av måltal månadsverk 2008**

Styresak 026/08 O
Administrerende direktør si orientering pkt 2

Styremøte 06.03. 2008

Bakgrunn:

Helseføretaka har ved inngangen til 2008 framleis betydelege omstillingsutfordringar. Ein stor del av denne utfordringa skal løysast gjennom reduksjon i lønnskostnad. For å oppnå tilstrekkeleg effekt er det derfor viktig at helseføretaka har tydeleg måltal for månadsverk å styre innafor.

Administrerende direktør vil i dette notatet tilrå at det blir fastsett øvre ramme for bruk av månadsverk på kvart av helseføretaka. Det vil gjennom denne saka bli gjort greie for kva prinsipp som blir lagt til grunn for utrekning av måltal for kvart av helseføretaka.

Helseføretaka må med basis i den skisserte modell rapportere tilbake dei endelege måltala for netto månadsverk for 2008.

Kommentarar:

Helseføretaka har i sitt budsjett for 2008 utarbeid omstillingstiltak for å nå resultatkravet som er fastsett i sak 010/08 B Konsernbudsjett 2008. Den samla tiltakspakke er summert opp til å utgjere følgjande:

Helse Stavanger	kr 71,5 mill
Helse Fonna	kr 0,0 mill
Helse Bergen	kr 154,5 mill
Helse Førde	<u>kr 105,0 mill</u>
SUM tiltakspakke	<u>kr 331,0 mill</u>

Helse Fonna har ikkje vedtatt tiltakspakke for 2008 enno. Då budsjettet for 2008 vart fastsett vart dette vedtatt utan tiltakspakke. Utviklinga i 2007 har gitt Helse Fonna ny omstillingsutfordring for 2008. Med basis i dei avvika som er avdekkja utgjer utfordringa innafor lønsområdet om lag kr 39,7 mill. Dette er eit forhold som Helse Fonna må analysere og avklare nærare kor mykje som vil slå inn i 2008 budsjettet. I denne saka blir det lagt til grunn at Helse Fonna må innarbeide tiltak innafor lønsområdet på kr 39,7 mill.

Med utgangspunkt i forholdet nemnd rundt Helse Fonna samt rapportert tiltakspakke frå dei andre helseføretaka pr. januar utgjer lønsdelen av den samla tiltakspakke som følgjer:

Helse Stavanger	kr 24,1 mill
Helse Fonna	kr 39,7 mill
Helse Bergen	kr 39,2 mill
Helse Førde	<u>kr 16,4 mill</u>
SUM tiltak innafør lønsområdet	<u>kr 119,4 mill</u>

Det kan synast som om omfang av tiltak retta inn mot lønsområdet kan vere lågt samanlikna mot den totale omstillingspakken. Dette er eit forhold som må analyserast nærare og takast opp i første oppfølgingsmøte med helseføretaka.

I sak 094/07 B Inntektsfordeling 2008 og resultatkrav 2008 blei det vedtatt at helseføretaka sine budsjett skulle innarbeida reserve som følgjer:

Tal i heile mill. kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Reserve	27	16	38	11	92

Helse Førde og Helse Bergen har ikkje innarbeida reserven og har derfor behov for å sette inn ytterlegare tiltak. Det blir her lagt til grunn at oppbygging av reserven må løysast gjennom å redusere lønskostnaden. Dei aktuelle helseføretaka har derfor behov for å redusere lønskostnaden ytterlegare tilsvarende krav om reserve.

Samla behov for reduksjon/tiltak innafør lønsområdet blir då følgjande (inkludert krav om reserve):

Helse Stavanger	kr 24,1 mill
Helse Fonna	kr 39,7 mill
Helse Bergen	kr 77,2 mill
Helse Førde	<u>kr 27,4 mill</u>
Sum tiltak innafør lønsområdet	<u>kr 168,4 mill</u>

For å oppnå effekt av desse tiltaka må det fastsettast måltal for reduksjon av månadsverk. Dette kan gjerast på ulike måtar, men samtidig er det viktig å velje ein metode som er enkel å forstå og som gjer at ein ikkje brukar for lang tid på å avklare målsettinga for 2008. Administrerande direktør vil derfor legge til grunn at måltal for månadsverk blir fastsett basert på ein enkel matematisk berekning som gjer uttrykk for det reelle nedbemanningsbehovet som er lagt opp til i omstillingstillingsplanen for 2008.

Følgjande modell blir derfor lagt til grunn for fastsetting av reduksjon i månadsverk (foreløpige tal):

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde
Omstillingstiltak lønnsområde	24 100	39 700	39 200	16 400
Manglande reserve i budsjettet			38 000	11 000
Grunnlag for omstillingstiltak løn	24 100	39 700	77 200	27 400
Gjennomsnitt personalkost pr årsverk	500	500	500	500
Omstillingstiltak omrekna til årsverk	48	79	154	54,8

Gjennomsnittleg kostnad pr. årsverk vil kunne variera mellom helseføretaka både basert på lønsnivå og kva type stillingskategori som blir omfatta av reduksjonen. Det blir i denne saka ikkje tatt stilling til desse forholda.

Nedtrekket i årsverk er berekna ut i frå ein heilårseffekt. Fleire tiltak vil først få effekt på eit seinare tidspunkt. Det reelle behovet for nedtrekk er derfor høgare om ein ikkje får full effekt frå starten av året. Dette er ein forhold som helseføretaka må vurdere i høve til dei konkrete tiltaka som er lagt inn i budsjettet for 2008.

Dersom ein legg til grunn at nedtrekket i månadsverk skjer gradvis (lineært) gjennom året vil ein med basis tala i tabellen ovanfor samt rapportere tal på netto månadsverk i 2007 få følgjande måltal på månadsverk 2008:

Helse Stavanger	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Gjennomsnitt
Månadsverk 2007	4 531	4 535	4 560	4 593	4 533	4 565	4 727	4 944	4 864	4 441	4 449	4 499	4 603
Reduksjon	-7	-15	-22	-30	-37	-44	-52	-59	-67	-74	-81	-89	-48
Måltall 2008	4 524	4 520	4 538	4 563	4 496	4 521	4 675	4 885	4 797	4 367	4 367	4 410	4 555

Helse Fonna	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Gjennomsnitt
Månadsverk 2007	2 471	2 381	2 434	2 417	2 408	2 439	2 389	2 378	2 750	2 455	2 466	2 465	2 454
Reduksjon	-12	-24	-36	-48	-61	-73	-85	-97	-109	-121	-133	-145	-79
Måltall 2008	2 458	2 357	2 397	2 369	2 347	2 366	2 304	2 281	2 641	2 334	2 333	2 320	2 376

Helse Bergen	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Gjennomsnitt
Månadsverk 2007	7 465	7 580	7 512	7 467	7 463	7 418	7 475	7 341	7 512	7 618	7 601	7 895	7 529
Reduksjon	-24	-47	-71	-95	-119	-142	-166	-190	-213	-237	-261	-284	-154
Måltall 2008	7 442	7 533	7 441	7 372	7 344	7 276	7 309	7 152	7 299	7 381	7 341	7 610	7 375

Helse Førde	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Gjennomsnitt
Månadsverk 2007	1 945	1 944	1 971	1 942	1 950	1 994	1 922	1 942	1 935	1 988	2 042	2 002	1 965
Reduksjon	-9	-17	-26	-34	-43	-51	-60	-68	-77	-85	-94	-102	-55
Måltall 2008	1 936	1 927	1 946	1 908	1 907	1 943	1 862	1 874	1 858	1 903	1 948	1 900	1 910

Dette er berre eit eksempel på korleis måltalet samt behovet for nedtrekk i månadsverk vil utvikle seg gjennom året dersom tiltaka ikkje blir sett inn tidleg men i staden skjer gradvis gjennom året. Dette illustrerar og behovet for å få satt i verk tiltak tidleg slik at omstillingsutfordringa ikkje eskalerar seg ut over året.

Helseføretaka må med basis i den skisserte modellen gjere ei vurdering av tiltakspakka retta inn mot lønsområdet og med basis i denne fastsette dei endelege måltala på månadsverk gjennom året. Samla nedtrekk i månadsverk skal samla for året vere så stor at den minimum samsvarer med effekten av dei tiltaka som er retta inn mot lønsområdet.

Helseføretaka må vidare ha ei **tett oppfølging på bruk av overtid, ekstraarbeid og innleie** for å sikre at kostnadene ikkje overstig budsjetttramma sjølv om ein held seg innfor måltala på månadsverk.

Forbruk av månadsverk må følgjast opp kvar måned og avvik i forhold til måltala må kommenterast.

Måltala må vere fastsett og implementert i rapporteringa pr. februar måned.